

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Dykkar ref: 202609862-4
Vår ref: 2026/159436
Dato: 30.06.2026

Svar på høyring av søknad om uttak av grunnvatn i Øvredalen til Masfjorden vassverk i Masfjorden kommune i Vestland

Viser til dykkar brev datert 15. juni 2026.

Mattilsynet si rolle

Mattilsynet er statleg sektormyndigheit for områda plantar, helse og velferd hos fisk og dyr, mat og drikkevatt. Som høyringsinstans skal vi bidra til å vareta nasjonale og regionale interesser innanfor våre forvaltningsområde.

Saksopplysningar

I samband med at Masfjorden vassverk treng å auke kapasiteten i vassforsyninga, har NVE motteke søknad frå Masfjorden kommune, datert 26.02.2026, om løyve etter vassressurslova til uttak av grunnvatn til drikkevassforsyning. Søknaden gjeld etablering av to grunnvassbrønner i sørenden av Storevatnet i Øvredalen.

Mattilsynet sitt innspel

Mattilsynet forvaltar drikkevassforskrifta, som stiller krav til leveringssikkerheit jf. § 9:

«Vannverkseieren skal sikre at vannforsyningssystemet er utstyrt og dimensjonert samt har driftsplaner og beredskapsplaner for å kunne levere tilstrekkelige mengder drikkevann til enhver tid».

Kravet inneber at vassverkseigar skal sikra brukarane tilgang på drikkevatn til ei kvar tid, også i situasjonar der hovudkjelda av ulike årsaker kan vera sett ut av spel. Vassforsyning er kritisk infrastruktur i samfunnet, og Mattilsynet har eit sterkt fokus på å sikra etterleving av dette kravet.

Masfjorden kommune har identifisert at vassforsyninga til Masfjorden vassverk er sårbar fordi hovudkjelda har for liten kapasitet, og fordi det ikkje finst ei reservevasskjelde. Det omsøkte tiltaket skal betra situasjonen i høve til desse forholda og skal sikre etterleving av drikkevannsforskriften § 9.

Grunnvassanlegget i Øvredalen skal bli ny hovudkjelde, mens dagens grunnvassanlegg skal stå som reservekjelde. Brønnane er etablert og prøvepumpa i 1,5 år. Den samla vurderinga av gjennomførte undersøkingar er at tiltaket vil vera svært godt eigna til føremålet, både med omsyn til kapasitet og vasskvalitet.

Mattilsynet vurderer at det er svært viktig at Masfjorden vassverk stettar kravet til leveringssikkerheit. Vi vurderer at det omsøkte tiltaket vil kunne sikra innbyggjarane tilgang til trygt og nok vatn, og ber NVE om å leggja vekt på dette viktige samfunnsmessig perspektivet ved handsaming av søknaden.

Med helsing
Mattilsynet, tilsynet

Ole Christian Bjørge
seniorinspektør

Chi Thuy Le
seniorrådgiver

Dokumentet er godkjent elektronisk / This document has been electronically approved